**MELAND KOMMUNE**
Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

HIMO AS
Jordmorsvingen 4

5200 OS

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar ref. | | Journalp.ID | 11/10546 | Dato | 03.08.2011 |
| Vår ref. | TOF | ArkivsakID | 2011000640 | | |
| | | Arkiv nr. | GBNR-19/34, N-511 | | |

# RAMMELØYVE - TILBYGG/OMBYGGING/FASADEENDRING MV

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

| Styre, komite, utval | Møtedato | Sbh. | Saknr |
|---|---|---|---|
| Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester | 03.08.2011 | TOF | 384/11 |

**Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 24.03.2011 | HIMO AS | SØKNAD OM RAMMELØYVE - OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTAD PÅ GNR 19 BNR 34, SAGSTAD. |
| 2 | U | 04.04.2011 | HIMO AS | FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 19 BNR 36. |
| 3 | U | 27.04.2011 | HIMO AS | GODKJENNING - RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTAD PÅ GNR 19 BNR 34, SAGSTAD. |
| 4 | U | 04.05.2011 | HIMO AS | MANGLAR VED SØKNAD OM RAMMELØYVE |
| 5 | I | 31.05.2011 | Statens vegvesen Region vest | DISPENSASJON FRÅ REGLAR OM BYGGEGRENSE I VEGLOVA. |
| 6 | I | 14.06.2011 | HIMO AS | SUPPLEMENT TIL SØKNAD OM RAMMELØYVE GNR 19 BNR 34, SAGSTAD. |
| 7 | U | 03.08.2011 | HIMO AS | RAMMELØYVE - TILBYGG/OMBYGGING/FASADEEN DRING MV |

| | |
|---|---|
| **Eigedom:** | **Gnr 19 Bnr 34 i Meland kommune** |
| **Byggjeplass:** | **Sagstadveien 135** |
| **Tiltakshavar:** | **Eivind Sagstad** |
| **Ansvarleg søkjar:** | **HIMO AS** |
| **Planstatus:** | **Kommuneplanens arealdel – LNF område** |

**Søknad om rammeløyve**

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om rammeløyve stempla motteke 28.3.2011, revidert søknad motteke 15.6.2011 i Meland kommune. Søknaden gjeld tilbygging og ombygging av beståande bustad på gnr 19 bnr 34, Sagstadveien 135 .

**Vurdering:**

Planstatus/dispensasjonar:
Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område.
Eigedomen er bebygd med bustad godkjent for heilårsbruk og krev difor ikkje dispensasjonshandsaming.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla ved aktiv varsling. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:
Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 15.6.2011. Nabo har samtykka til plassering av tiltaket innanfor byggegrensa mot naboeigedom. Kommunen kan difor godkjenne plassering av tiltaket. Arkitekten har gjort greie for at mønehøgda er under 9 meter. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:
Eigedomen er på 1315m$^2$. Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar per eining, jf Kommuneplanens arealdel. Det skal vere minimum 250 m$^2$ utandørs opphaldsareal. Tiltaket oppfyller krav til parkering og utandørs opphaldsareal og er i samsvar med Pbl. § 28-7.

Planløysing og utsjånad:
Tiltaket har forsvarleg planløysing og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Andre mynde
Det er gjeve løyve til plassering av tiltaket innafor byggegrense mot vegi vedtak av 31.5.2011 frå Statens Vegvesen.

Administrasjonen har elles ingen merknader til søknaden.

**VEDTAK**
"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1 og 21-4 rammeløyve for tilbygging og ombygging av bustad på gnr 19 bnr 34 i samsvar med søknad stempla motteke 28.3.2011 med tilleggsdokumentasjon motteke 15.6.2011.

Det vert også vist til kart og teikningar stempla motteke 28.3.2011 og 15.6.2011.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før følgjande vilkår er oppfylt:
- Gjennomføringsplan må rettast opp
- Komplette søknader om ansvarsrett for prosjekterande og utførande må sendast inn
- Det må sendast inn situasjonskart og profilteikning i målestokk.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang før igangsetjingsløyve ligg føre.

| **Føretak** | **Godkjennignsområde** |
|---|---|
| HIMO AS<br>Org. Nr.992224908<br>Lokal godkjenning | SØK tilt.klasse 1<br>Fagområde: Ansvarleg søkjar. |

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde."

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

for Anny Bastesen
kommunalsjef

Tone Frønsdal
Konsulent

**Kopi til:**
Eivind Sagstad